

Inge Johnsen
Reed camping
6827 Breim

Breim 14.08.2011

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Postboks 5091
0301 Oslo

Vedkomande Breim Kraft sine utbyggingsplaner i Storelva.

Bakgrunn: Eg er fødd og oppvaksen på bruk 100/51. Familien starta Reed camping på kvia vår for om lag 40 år sidan. No er det eg som er eigar av campingplassen.


Historisk: Reøyane er området syd for Breim kyrkje. Refjæra går frå den gamle kyrkjegarden i Hetlefjæra og endar her ved elveosen. Storelva og vatnet dannar her tre løkar med fin sand: Storeløken, Dåveløken og Paddeløken.

I dag: Reed camping har mange gjester. Vi fekk utvida kapasitet for eit par år sidan då vi fekk avtale med Ola Hetle om leige av hans område ved sidan av vårt til campinghytter og parkeringsplass. Heile området er også tilrettelagt til bruk for ålmenta. Her er leikeplass for born, badeplassar, turstiar og fiskeplassar for alle.

Storelva er heilt sentral for alle som ferdast her. Etter kvart har fiske vorte vanskeleggjort av skog og kratt langs breidda. Vi reknar med at Breim jeger og fiskelag vil ordne opp i dette. Vi sel fiskekort i kiosken her, og mange får fin fangst. Spesielt utlendingar er imponerte av naturen her. Seimegardane og fjella Skjorta og Rettilen er flotte kulisser.

Det vil vere uheldig for turistane på Reed Camping og fiske her om vassmengda i elva vert redusert.

Med helsing


Inge Johnsen